

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo



Høyringsuttale på forslag til revisjon av rammeplan for sjukepleiarutdanninga

Høgskulen i Sogn og Fjordane vil med dette gje fylgjande uttale i høve forslag til endringar i rammeplanen for sjukepleiarutdanninga, j.fr. brev frå Det Kongelige Kunnskapsdepartement 27.02.07:

Kommentarar til endringsforslag i kapittel 3.5 b) Organisering av praksis:

- HSF støtter forslaget om at ferdighetstrenin, forberedelse og refleksjon over praksis blir ført vidare som ein del av praksisstudiane, med et omfang på 15 studiepoeng.
- ”Alle praksisstudier skal være veiledet og vurdert.” Dette betyr ei endring i rammeplanen sitt krav til praksis i første studieår som HSF støttar. Det er vesentleg at studentane har ein praksisperiode i første utdanningsår for å få et innblikk i sjukepleie som fag og yrke og studentane må få ei vurdering slik at dei veit korleis dei ligg ann i høve måloppnåing og handlingskompetanse.
- HSF støtter arbeidsgruppa sitt forslag når det gjelder veiledning og veiledar sine kvalifikasjoner. Det er fornuftig at anna personell kan ha rettleatingsoppgåver for studentane, under forutsetning av at disse har likverdig kompetanse eller spesialistkompetanse. Vi ynskjer at det vert presisert at veiledar bør ha minimum 1 års yrkespraksis.

Når det gjelder forslaget om at ”det bør etableres et korps med kompetente veiledere ved det enkelte praksissted” bør det framkomme at dette er praksisplassen sitt ansvar. Det er bra at det presiserast at spørsmålet om veiledningskapasitet må forankrast i praksisplassen sinn ledelse, infrastruktur og drift og at det er utdanningsinstitusjonane har ansvar for kompetanseoppbygging innan veiledning i samarbeid med praksisfeltet.

- Selvvalgt praksis. HSF støtter forslag om at selvvalgt praksis evt. kan tilbys.
- Tillegga som har kome inn under ”Kontrakter mellom utdanningsinstitusjon og praksisfelt” støttast av HSF.

Kommentarar til endringsforslag i kapittel 3.6 Vurderingsordninger:

- HSF støttar arbeidsgruppa sitt forslag operasjonalisering av mål og forløpende vurdering av praksisstudiane. Bra at skikkethetsvurderinga eksplisitt er tatt inn i rammeplanen.
- ”For at studenten skal kunne vurderes etter endt praksisperiode må denne ha en varighet på minst åtte uker” : Foreslår her at ein i rammeplanen opnar for at ein av periodane kan vere på 6 veker. Vi

har i dag ein sjølvvalgt fordjupingspraksis på 6 veker heilt på slutten av studie som har fungert bra. Studentane nyttar seg då gjerne av praksisplassar dei har vore på før og treng såleis ikkje så lang tid på å gjere seg kjent. Måla i denne praksis må sjølvsagt stå i forhold til lengda på perioden.


Kommentarar til endringsforslag i VEDLEGG 3: §3 i forskrift for rammeplan for sykepleierutdanning, Praksisstudier:

- HSF støttar forslaget til omformulering av praksisområda. Særlig er det støtte til arbeidsgruppa for at de foreslår bruk av omgrepet spesialisthelsetjenesten inne medisin og kirurgi, og ikkje den tidligare formuleringa om sengepost. Vi meiner dette er i tråd med framtidas helseteneste.
- HSF støtter forslaget sitt punkt A) og B) under Bestemmelser om praksisstudier.
- Når det gjelder punkt C) under same bestemming meinar HSF at det trengs ei ytterlegare klargjering. Det er svært uklart kva som meinast med at "Praksis må inkludere erfaring fra forebyggende helsearbeid, svangerskaps- og barselomsorg og/eller pediatrisk sykepleie". Betyr dette at 1) alle skal ha erfaring med forebyggjande helsearbeid og at utdanningsinstitusjonen sjølv står meir fritt i valet mellom svangerskaps- og barselomsorg og pediatrisk sjukepleie, eller står det her at 2) utdanningsinstitusjonane står fritt til å velje helsefremmende arbeid *eller* svangerskaps- og barselomsorg *eller* pediatrisk sjukepleie? HSF vil påpeike at pediatrisk praksis er svært vanskeleg å få gjennomført for alle studentar pga av at det kun er ei barneavdeling i Sogn og Fjordane.
- HSF støttar forslaget sine punkt D) og E) under Bestemmelser om praksisstudier.
- HSF ynskjer som tidlegare påpeika at det i punkt F blir opna for at ein periode kan vere av kortare varigskap enn 8 veker for å gje meir rom for fleksibilitet i planlegginga av studie.
- HSF kan vanskelig forstå kvifor praksis med døgnkontinuerlig oppfølging skal gjelde spesifikt for praksisområda 1, 2 og 4. Med endringar i helsetenesta og stadig fleire pasientar med behov for sjukepleietenestar, både innan somatikk og psykiatri, i pleie- og omsorgstenesta i kommune/heimesjukepleie verkar dette forslaget lite høveleg. Det er riktig å presisere at studentar skal ha praksis på stadar med døgnkontinuerlig oppfølging av pasientar, men kan vanskeleg sjå gode argument for å avgrense dette til spesielle praksisfelt. HSF foreslår derfor at punkt G) omformulerast til : "Minst 3 av praksisperiodene 1-5 må inkludere praksis med døgnkontinuerlig oppfølging av pasienter og minimum 1 av disse må være i spesialisthelsetjenesten." Resten av avsnittet kan stå som foreslått fra arbeidsgruppen.


Dagkirurgiske avdelingar kan f.eks. vere gode læringsarenaer for praksisstudiar. I heimesjukepleie og på psykiatriske institusjonar vil det også vere praksisplassar kor studentane absolutt vil oppleve svært nyttige lærerituasjonar ved å følje pasientar gjennom hele døgnet. Ved å seie at minimum 1 av disse 3 periodane skal gjennomførast i spesialisthelsetjenesta oppnår vi likevel at alle studentar får erfaring med døgnkontinuerlig oppfølging av pasientar i enten medisin eller kirurgi. Med tanke på endringar i organisering av helsetenesta meinar vi det er viktig at rammeplanen gjev mulighet for alternative praksispllassar.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har opptak av sjukepleiarstudentar både i august og januar. Ei iverksetting av revidert rammeplan frå 1.januar 2008 vil gjere at vi må revidere studieplanen i høve rammeplanen alt til hausten. Vi ber om at iverksettingsdato vert sett til 1.august 2008. Om dette ikkje er mulig ber vi om at revisjonen blir klar så tidleg som muleg på hausten slik at vi får tid til å gjere nødvendige justeringar for studentar som startar sitt studie i januar 2008.

Med helsing



Eva Marie Halvorsen
Dekan



Anne-Grethe Naustdal
Studieleiar